

## 7 Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008, nr. 71, § 12, er det utarbeidd detaljreguleringsplan for Vinje Kraftverk, PlanID 20010009, Vinje kommune, Telemark.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Detaljreguleringsplan for Vinje Kraftverk, PlanID 20010009», Vinje kommune, Målestokk 1:1000, datert 22. desember 2009. Innafor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådeling og bygge- og anleggsverksemd innan planområdet.

### 7.1 Felles føresegner

- a) All graving og sprenging skal gjennomførast med minst mogleg arealbruk. Det skal settast av inngrepsfrie soner, der det ikkje er høve til rigg, drift, lagring av massar etc. Inngrepsområdet skal tilbakeførast innan eitt år eter at anlegget er ferdigstilt.
- b) Før bygge- eller anleggstiltak vert sett i gang skal det utarbeidast teikningar og skisser, om nødvendig illustrasjonsplan og teknisk plan, som syner detaljert dei tiltak som skal setjast i verk. Teikningar (skisser og illustrasjonar) skal vere ferdige før utbygging tar til. Teikningane skal leggjast fram for kommunen.
- c) Plassering av bygg, tekniske anlegg og vegar/oppstillingsplassar i det einskilde utbyggingsfeltet skal markerast i terrenget med snøre av utbyggar før kommunen kan gje løyve til bygging.
- d) Alle nyoppførde bygg skal byggjast med radonsperre mot grunnen.
- e) Vass-, straum- og avlaupsanlegg bør om mogleg leggjast i same trase som vegar.
- f) Installasjonar i samband med leidningsnettet skal ha ein skånsam plassering og ei tiltalande utforming.
- g) Det er ikkje høve til å etablere privatrettslege avtalar i strid med gjeldande tinglyste rettar. Etter at reguleringsplanen er vedtatt er det ikkje lov til å etablere privatrettslege avtalar i strid med planen.
- h) Dersom ein ved tiltak i marka støyter på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf. § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.

### 7.2 Rekkjefølgjeføresegner

- a) Føre verksemd i tråd med planen kan byrjast skal avkøyringa frå europaveg 134 til SK1 vere opparbeidd i tråd med vegvesenet sine vegnormalar med omsyn til frisikt og utforming. Det skal lagast ein enkel byggeplan, som skal leggjast fram for Statens Vegvesen for godkjenning.

- b) Førre uttaket i Bsm kan påbyrjast skal det liggje førre ein uttaks- og landskapsplan, som syner korleis tippmassane takast ut og landskapet avsluttast. Uttaks- og landskapsplanen skal syne nye høgdekoter, revegeterte soner og areal med tilretteleggjing til etterbruk.
- c) Førre hovuddrifta i Bsm påbyrjast i tråd med uttaks- og landskapsplan skal vegen i SK1, parkeringsplassen SP og vegetasjonsskjermen GV mellom SK1 og evja i Vrv vere opparbeidd i tråd med planen. Opparbeiding av massar frå desse områda kan fraktast til Bsm og behandlast der.

## **7.3 Sikringssoner**

### **7.3.1 Frisikt**

- a) Terrenget i frisiktsona skal ikkje vere høgare enn tilstøytande vegbane.
- b) Det skal ikkje vere sikthindrande vegetasjon eller gjenstandar over 0,5 m innanfor føremålet.

## **7.4 Faresoner**

### **7.4.1 Høgspenningsanlegg**

*Ingen føresegner*

## **7.5 Soner med oppgjeve særlege omsyn**

### **7.5.1 Bevaring kulturmiljø (gamleveg)**

- a) Det er høve til å vedlikehalde og bygge opp at nedraste delar av gamleveg.

## **7.6 Bandleggingssoner**

### **7.6.1 Bandlegging etter lov om kulturminne, Bkml**

- a) Det er ikkje tillate ågjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk feda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Hogst og skjøtsel i området avsett til bandlegging av kulturminne må skje i samråd med dei regionale kulturminnemyndigheitene (Telemark fylkeskommune).

## **7.7 Busetnad og anlegg**

### **7.7.1 Industri, kraftverkområde 1, BI1-3**

- a) Mønehøgde setjast til maks 11,0 m over gjennomsnittleg terreng inntil bygg.

- b) Utnytting av teigane setjast til %BYA=30%. Oppstillingsplassar til bilar inngår i utrekningsgrunnlaget, men ikkje ryggje- og manøvreringsareal.

### **7.7.2 Steinbrot og masseuttak, Bsm**

- a) Området skal brukast til uttak av eksisterande till med tunnelstein for vidare utharping og evt. knusing for lager til seinare bruk. Omfanget er 80-100 000 m<sup>3</sup> og skal føregå i ein produksjonsperiode på 15 år.
- b) Driftsperioden for knusing og harping i året kan vere frå 01. september til 01. juli. Berre kvardagar mellom kl. 07.00 og 23.00 kan nyttast til produksjon. Avtransport av ferdigknuste massar kan føregå heile året, måndag til laurdag kl. 0700 til 2300.
- c) Det er ikkje høve til å gjennomføre sprenging av fast fjell til masseuttak. Det er ikkje høve til å nytte pigghammar.
- d) Det skal etablerast ein miljøstasjon til avfallshandtering føre drifta startast opp. Det skal òg etablerast ei fanggrøft til drenering av overflatevatn i massetakets sine lågastliggjande område i grensene mot tilstøytande areal.
- e) Før massetakets vert opna og sett i drift skal det liggje føre avslutningsplan. Planen skal syne framtidig inndeling av massetakets område i vegeterte soner og opparbeidde areal til næringsverksemd. Den skal også setje av langtidslager for ulike massar og omtale revegeteringsmåtar og syne korrigerede høgdekoter.
- f) Dersom knuseverk setjast opp innanfor området markert som "føresegningsområde 7.2.2 f)", skal bustad i gnr/bnr 64/9 sikrast mot støy gjennom bygging av støyvoll innanfor planområdet og/eller innsnevring av driftstid for knusing/harping til mellom 0900 og 2100 på kvardagar.

## **7.8 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

### **7.8.1 Køyreveg, SK**

- a) Køyrebana kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- b) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.
- c) SK1 skal vere offentleg veg.
- d) Andre SK-teigar skal vere private vegar.

### **7.8.2 Gangveg/gangareal, SG**

- a) Gangstien kan opparbeidast på inntil 3 m i breidde. Minstebreidde er 1,8 m. Stigning/fall skal ikkje overstige 1:15. Stien skal få eit dekke av grus 0-8 mm eller asfalterast.
- b) Føremålet skal vere offentleg.

- c) Evja i føremålet Vrv kan kryssast med bru eller klopp. Det skal vere ei ljøsopning under overgangen på minst 1,5 m i høgde og 3 m i breidde.
- d) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### **7.8.3 Annan veggrunn – teknisk areal, SavT**

- a) Føremålet tener som tilkomstkorridor til høgspennttrasé aust for planområdet
- b) Det er høve til å halde terrenget arrondert på ein måte, som gjer det mogleg å take korridoren i bruk dersom det er naudsynt. Til vanleg skal føremålet vere vegetert med botndekkande vegetasjon og med trevegetasjon i ein omfang, som let seg fjerne dersom føremålet må takast i bruk som tilkomstkorridor.

### **7.8.4 Annan veggrunn – grøntareal, Sav**

- a) Arealet innanfor føremålet kan brukast til terrenginngrep som er naudsynt til etablering av trafikkanlegg i SK, SG, SP.
- b) Det skal ikkje leggjast til rette for bilparkering.
- c) Terrenget skal revegeterast innan eitt år etter at trafikkanlegget inntil er ferdigstilt. .
- d) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### **7.8.5 Småbåthamn – båtopplag, SH**

- a) Det er høve til å leggje til rette for lagring av småbåtar innan føremålet. Området kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på. Det er høve til å setje opp takoverbygg på inntil BYA 40 m<sup>2</sup>.

### **7.8.6 Parkering på grunnen, SP**

- a) Parkeringsplassen kan asfalterast eller på annan måte leggjast fast dekke på.
- b) Føremålet skal vere offentleg.
- c) Det er høve til å grave kabel- og leidningsgrøfter innanfor føremålet.

### **7.8.7 Velteplass for skogsbilar, SV**

- a) Området kan brukast til mellombels lagring av tømmer samt av- og pålossing. Det er også høve til andre bruksområde knytt til drift av føremålet LS inntil, slik som barking, vedproduksjon eller saging med mobilt sagverk.
- b) Det er ikkje høve til å leggje fast dekke på plassen.

## **7.9 Grøntstruktur**

### **7.9.1 Naturområde, GN**

*Ingen føresegner*

### **7.9.2 Friområde, GF**

- a) Det er høve til å opparbeide areala innan føremålet med bade plass, grillplass, rasteplassar og leikeplass. I samband med grill- og bade plass er det høve til å byggje toalettanlegg og skiftebu. Føremålet skal vere offentleg.
- b) For utarbeiding av Grill-, raste- og leikeplass skal tiltakshavar leggje fram illustrasjonsplan for byggjesakshandsaming, som syner detaljert korleis området er tenkt utnytta i sin heilskap. Illustrasjonsplanen skal sendast på høyring til ungdommens kommunestyre, relevante friviljuge organisasjonar i området og NVE.
- c) Det er høve til å gjennomføre terrenginngrep til gjennomføring av godkjende tiltak. Dette gjeld også for tiltak i føremålet SG.

### **7.9.3 Park, GP**

- a) Området skal opparbeidast pent med vegetasjon og eventuelt andre, parkmessige installasjonar. Bekkedraget gjennom føremålet skal opparbeidast med tørrmurkantar. I bekkelaupet skal det leggjast steinar, som reduserar gjennomstraumingsfarta og hevar vassnivået.
- b) Det er høve til å etablere ljossetjing innanfor føremålet, som framhev einskilde eller grupper av parkelement.

### **7.9.4 Vegetasjonsskjerm, GV**

- a) Området skal fungere som ein vegetert buffer mellom ulike område. Tiltak i GV må difor ikkje svekke skjermingsfunksjonen.
- b) Det er høve til å skjytte området på ein måte som gagnar funksjonen som visuell vegetasjonsskjerm.
- c) Det er høve til å gjennomføre terrenginngrep til gjennomføring av tiltak i føremålet SG.
- d) Det kan gjennomførast terrenginngrep inntil køyrevegar og massetaket Bsm, men ein må take omsyn til skjermingsverknaden.

## **7.10 Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift**

### **7.10.1 Skogbruk, LS**

*Ingen føresegner*

## **7.11 Bruk og vern av sjø og vassdrag**

### **7.11.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VF**

- a) Det er høve til å etablere anlegg og sette i gong tiltak, som gagnar bruken av vassdraget som friluftsansena, blant anna utgraving av småbåtlei til føremålet VB.
- b) Alle tiltak i og 5 m inntil Vinjevatn må godkjennast av NVE.

### **7.11.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, VB**

- a) Det er høve til å setje ut flytebyggjer innan føremålet.
- b) Alle tiltak i og 5 m inntil Vinjevatn må godkjennast av NVE.

### **7.11.3 Rehabiliterert vassstreng, Vrv**

- a) Det er høve til å gjennomføre rehabilitering av ståande og rennande vassareal. Evja skal utformast som ein del av friluftsområdet GF og dermed få ein tiltalande utsjånad. Samstundes skal kanalen kunne oppfylle ein funksjon i økosystemet. Bekkelaupet skal utformast som steinsett bekk med ein tiltalande utsjånad og ei funksjonell utforming, som opprettheld ei vassføring på minst 15 cm.
- b) Det er høve til å stengje evja i sine endepunkt med naturlik eller kunstig terskel for å hindre eller redusere svingingar i vasstanden på grunn av reguleringsmanøvrering.
- c) Evja kan kryssast med bru eller klopp. Det skal vere ei ljøsopning under overgangen på minst 1,5 m i høgde og 3 m i breidde.
- d) Alle tiltak i og 5 m inntil Vinjevatn må godkjennast av NVE.

## **7.12 Område føresegner**

- a) Dersom knuseverk setjast opp innanfor området markert som "føresegningsområde 7.2.2 f)", skal bustad i gnr/bnr 64/9 sikrast mot støy gjennom bygging av støyvoll innanfor planområdet og/eller innsnevring av driftstid for knusing/harping til mellom 0900 og 2100 på kvardagar.
- .....

Vinje, den 22.12.2009



For Plankontoret Hallvard Homme AS  
Alexander Stettin  
Landskapsarkitekt M.N.L.A.

## Revisjon A, 24. februar 2011

Varsel om oppstart av planarbeid:	12.01.2009
1. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	17.03.2010
Utlagt til offentlig ettersyn	
2. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	25.08.2010
Eigengodkjent i kommunestyret den:	30.09.2010

Vinje Kommune  
REGULERINGSPLANEN VEDETEKEN

Date

K-sak

Stad, Dato



Sign.

Stempel